

Malala

Malala er ei jente frå Pakistan som kjempar for retten for jenter til å ta utdanning. I Pakistan er det mange som meiner at jenter ikkje skal ha dei same rettane som gutter, og i 2012 blei Malala skoten på grunn av meiningsane sine. Ho overlevde angrepet, og i 2014 fekk ho Nobels fredspris. Då var ho 17 år. Ho er den yngste personen som nokon gong har fått denne prisen.

Eg er Malala, ei heilt vanleg jente. Men eg er likevel spesiell på nokre måtar. Eg er ikkje spesielt oppteken av sminke og smykke, og eg er nok ikkje spesielt jentete.

Eg har inga tru på slåsting, sjølv om den 14 år gamle broren min, Khushal, irriterer livet av meg. Eg slåst ikkje med han. Han slåst med meg. Så kan du vel seie at når Khushal slåst med meg, så følgjer eg opp for å vere grei. Eg har ein bror til, Atal. Han irriterer meg ikkje så mykje.

Så lenge eg kan hugse, har huset vårt vore fylt av menneske. Vi har hatt mange folk på besøk. Barna leikte, mamma og damene samla seg på verandaen. Eg likte meg best hos mennene, det verka som om det var der det skjedde noe spennande og viktig. Dei snakka om politikk, og eg likte å høyre dei prate om det som skjedde utanfor dalen vår.

Eg sat litt hos damene også. Dei tok av seg slør og hovudtørkle når dei var saman berre dei. Det var så fint å sjå dei når dei ikkje var dekte til. Ansikta strålte av fridom. Men når dei gjekk ute blant andre menneske, så dekte dei seg til.

Å leve bak eit slør verkar så urettferdig – og ubehageleg. Heilt frå eg var liten, sa eg til foreldra mine at eg aldri skal dekkje til ansiktet mitt på den måten. Ansiktet mitt er identiteten min. Mora mi og slektningane mine blei sjokkerte. Men faren min sa at eg skulle gjere som eg sjølv ville.



Malala heime i Pakistan.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 237.

Gjer oppgåvene 3, 5–7.